



John Ragnar Myking  
ROLLANDSLIA 169  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/257 - 22/46970

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
22.06.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 84/4 Kvalvågneset**

Tiltak: parkeringsplass  
Byggjestad: Gbnr: 84/4  
Tiltakshavar: John Ragnar Myking  
Ansvarleg søkjar: John Ragnar Myking

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.01.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i søknadsskjema kryssa av for at det vert søkt dispensasjon. Det er ikkje lagt ved noko dispensasjonssøknad.

Tiltak krev dispensasjon frå arealføremål LNF samt byggegrense mot sjø jf. pbl.§ 1-8. Minner at dispensasjonssøknad som hovudregel skal nabovarlast. Alternativt må det grunngjevast kvifor det ikkje er behov for slik varsling.

2. Søknad må supplerast med teikning av parkering og veg. Teikning må syne profil, stigningshøgde på veg, samt terrenginngrep for parkering og veg.
3. Det er i søknad opplyst at minste avstand til nabogrense er 50 meter. Tiltaket har i utgangspunkt krav om ein avstand på 4 meter frå nabogrense jf. pbl.§ 29-4. Ut frå situasjonskart ser det ut som om at det skal etablerast veg heilt i grensa til eigedom med gbnr.84/25.

Søknad må supplerast med samtykke til plassering i nabogrense frå gbnr.84/25.

4. Tiltak er søknadspliktig etter pbl.§ 20-1 jf. § 20-3. Det er krav om bruk av ansvarleg føretak for desse tiltak.

Søknad må supplerast med naudsynte ansvarsrettar. Alternativt må det søkjast om sjølvbygggaransvar jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §6-8.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **26.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

John Ragnar Myking  
John Ragnar Myking

ROLLANDSLIA 169  
ROLLANDSLIA 169

5115 ULSET  
5115 ULSET